



**Saksframlegg**

**Økonomirapportering pr. 1. mai 2026**

Utval	Utvallsak	Møtedato
Kommunestyret		

**Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret**

**Vedlegg:**

- 1 Finansrapport pr. 30.04.2026
- 2 Økonomirapportar frå sektorane

**Bakgrunn for saka:**

I følge økonomireglementet skal kommunestyret ha rapport om den økonomiske stoda pr. 1 mai og 1. september. Finansrapport fylgjer også som vedlegg her slik det går fram av finansreglementet.

**Vurdering:**

*Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.*

Den økonomiske stoda for Fyresdal kommune pr. 1. mai 2026 ser ut til å vere i tråd med budsjett med nokre få unntak, og då gjeld det meirinntekter som ikkje er disponera i vedtatt budsjett.

Når kommunestyret tildela rammene i budsjettmøte i desember var ikkje Statsbudsjettet ferdighandsama og dei statlege overføringane for 2026 vart noko høgare enn vi hadde lagt til grunn i vårt budsjett. Om lag ein million kroner ekstra som kjem av høgare sats pr. innbyggjar og innlemming av øymerka tilskot til arbeid med rus og psykiatri.

Sektor for helse og omsorg har i fleire år fått tilskot frå desse øymerka midlane som har vore med å styrka bemanninga innanfor feltet. For å kunne oppretthalde bemanninga som har vore må sektoren nå få tilført ekstraintektene som kom i statsbudsjettet.

Det er også i sektor for helse og omsorg ein ser størst utfordringar med å halde seg innanfor ramma så langt i år. Fleire fråvær og mangel på kvalifisert personell har gjort at ein nå leiger inn via rekrutteringsbyrå, noko som gjev større utgifter enn ved ordinær tilsetting. Men ein har vurdert dette som naudsynt i ein periode for å oppretthalde drifta og samtidig drive omstillingsarbeid.

I sektor for kultur og oppvekst ser ein nå effekten av omstillingsarbeidet som har vore gjennomført i sektoren dei seiste åra og dei ligg innanfor den økonomiske ramma.

Sektor for plan og teknikk melder om ekstrautgifter og ekstraintekter i samband med etablering av datasenter og tilhøyrande aktivitet. Det er denne sektoren som har stor aktivitet knytt til den samfunnsutviklinga som ein nå står overfor i dei neste åra. Den økonomiske ramma til sektoren

må nok justerast i åra framover med auka bustadmasse og andre kommunale bygg, samt investeringar i VA-anlegg.

I kommunestyret i mars i sak 18 vart det løyvd fire millionar frå disposisjonsfondet for å dekke ekstra utgifter i samband med datasenteretablering og samfunnsutvikling i samband med etableringa. Kommunedirektøren saman med ordføraren har nå disponera om lag tre millionar av desse til ulike tiltak. Sektor for plan og teknikk og sektor for økonomi og stab(næring) er sektorar som må få justera ramma si for å dekke denne fordelinga.

Bruk av kommunedirektøren sin investeringsmillion så langt i år har gått til ny kjøle på kjøkkenet på POS og til reperasjon av kloakkrør på POS med kr 450 000,-, dette må justerast inn i ramma til plan og teknikk.

Utbetaling av tilskot etter reglar for tilskot frå Fyresdal kommune, som skal dekkast av disposisjonsfond for tilskot er så langt utbetala med kr 307 000,-, dette er både tilskot til private vegar og til rehabilitering av slamanlegg.

Lønsoppgjør i år gjekk til mekling og det vart enighet etter fleire timar på overtid. Oppgjøret er nå ute på uravstemming. Resultatet av det som nå er framforhandla viser at vi får dekt auka lønsutgifter i år med den avsette potten for lønsoppgjør i budsjettet. Endeleg fordeling mellom sektorane kjem i rapporteringa for 1. september.

Ekstrainntekter frå eigedomsskatt i forhold til budsjett på 2,3 millionar skuldast utskrivning på nye objekt og auke på takstane frå kraftverk. Dette er inntekter som bør gå til å styrke disposisjonsfondet. Disposisjonsfondet var ved inngangen av året på ca 13 millionar, noko som er veldig lågt for å kunne ha eit godt handlingsrom.

Det er venta i løpet av året eit betydeleg beløp i utbytte frå selskap som kommunen har aksjer i og dette bør også styrke disposisjonsfond slik at ein kjem opp på eit nivå som gjev handlefrihet.

Årsrekneskapen frå konsesjonskraftstyret på sal av konsesjonskraft for 2025 vart om lag kr 900 000,- over det vi hadde forventa. Desse ekstrainntektene bør gå til å styrke næringsfondet i år, då dette er så godt som bruka opp i løpet av vårhalvåret.

### **Konklusjon:**

Rekneskapen pr. 1. mai er stort sett i tråd med tildela budsjetttramme i sektorane.

I sektor plan og teknikk har ein meirutgifter i samband med diverse arbeid knytt til datasenteretablering men her vil ein også få meirinntekter som dekker for auka utgifter.

Auka rammeoverføringar frå staten vert tilført sektor helse og omsorg slik at tilbodet innan rus og psykiatri kan vidareførast på dagens nivå.

Andre meirinntekter avsettast til dispfond eller brukast til næringsarbeid.

### **Innstilling frå kommunedirektøren:**

Den økonomiske stoda pr. 1. mai 2026 vert teken til vitande og rammene til sektorane justerast slik:

Sektor	Utgift	Inntekt	Kommentar:
Finans		1 000 000	Auka rammetilskot
Helse og omsorg	1 000 000		Rus og Psykiatri
Økonomi og stab	1 000 000	1 000 000	K-sak 18 – disp.fond
Plan og teknikk	2 000 000	2 000 000	K-sak 18 – disp.fond
Plan og teknikk	307 000	307 000	KD inv.million – disp
Plan og teknikk	450 000	450 000	Bruk av tilskotsfond
Finans	2 300 000	2 300 000	Eigedomsskatt avsett til disp.fond
Finans	900 000	900 000	Konsesjonskraft til næringsfond

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Kjersti Bergland
	økonomi og stabssjef